



Larsen og Solheim AS
Øvre Kråkenes 17
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3781 - 16/6946

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
10.03.2016

Svar på spørsmål om mellombels bruksløyve - Gbnr 99/27 og 31 Våge

Det vert vist til dykkar e-post av 09.03.2016.

Dersom du ynskjer at ein eventuell søknad om mellombels bruksløyve skal handsamast før påske, må vi få inn ein komplett søknad innan den **17. mars**, vedlagt dokumentasjon på at **alle vilkår** som er sett i vedtaka er stetta (vilkåra er gjengitt nedanfor). Vi kan ikkje sjå at det ligg føre hindringar for å stette vilkåra. Ein vil ikkje kunne pårekne at søknaden vert handsama i veke 12.

For å få mellombels bruksløyve for hotellbygget må fylgjande ligge føre:

- Det må foreligge **ferdigattest** for arbeida omtalt i vedtak av 26.02.2016. Vilkåra i vedtaket må vere stetta
- Utomhusareal må vere opparbeidd og tilplanta i samsvar med godkjent utomhusplan/situasjonsplan
- Vass- og avlaupsanlegg vera ferdig opparbeidd
- Det må sendast inn kart- og koordinatliste for ferdig plassering av utvendig anlegg
- Det må leverast målsett situasjonsplan som viser ferdig plassering av tilbygget i forhold til kjente bygningspunkt og grenser
- Det må dokumenterast at brannvesenet godkjenner ei eventuell mellombels løysing for slokkevatn. Det må gå fram kortid den permanente løysinga med slokkevatn skal vera ferdig opparbeid.
- Eventuelle krav fra arbeidstilsynet må vere stetta

For å kunne ta i bruk brakkebygget må fylgjande vere stetta:

- Det må foreligge **ferdigattest** for arbeida omtalt i vedtak av 26.02.2016. Vilkåra i vedtaket må vere stetta
- Påkoblingsløyve må vere innhenta



Spørsmål knytt til vassleidning vert oversendt teknisk drift for handsaming.

Oversikt over løyver og vilkår:

Rammeløyve og dispensasjon til mellombels bruksendring til asylmottak og oppføring av tilbygg - gbnr 99/27 og 99/31 Våge 13.12.2015

1. Utomhusareal må vere opparbeidd og tilplanta i samsvar med godkjent utomhusplan/situasjonsplan
2. Krav frå arbeidstilsynet må vere stetta
3. Før bruksløyve kan gjevast må vass- og avlaupsanlegg vera ferdig opparbeidd.
4. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering av utvendig anlegg skal leggst ved søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.
5. Det må leverast målsett situasjonsplan som viser ferdig plassering av tilbygget i forhold til kjente bygningspunkt og grenser

Igangsettingsløyve for asylmottak - gbnr 99/31 Våge 08.02.2016

1. Søknad om sanering av branntomt på gbnr 99/27 må sendast inn til godkjenning.
2. Det må ligge føre ferdigattest for dei arbeida som er nemnt under punkt 1.

Løyve til oppføring av brakkebygg på vilkår - gbnr 99/27 Våge 08.02.2016

1. Tiltaket skal plasserast som vist i motteken situasjonsplan.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk. Påkoblingsløyve må innhentast før tiltaket vert teke i bruk.
3. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med revidert utsleppsløyve av 08.02.2016.
4. Tiltaket kan ikkje nyttast før det ligg føre søknad om sanering av branntomt på gbnr 99/27, og det er gitt ferdigattest for saneringsarbeida.
5. Saka vert avslutta ved innsending av dokumentasjon på at tiltaket er fjerna og tomta rydda.
6. Tiltaket skal stetta krava i TEK10

Løyve til riving av brannskadet bygning og sanering av overflatemasser - gbnr 99/27 og 31 Våge 26.02.2016

1. Det skal gjerast undersøkingar for å avklara omfanget av spreidning av asbest i nærområdet også utanfor eigne tomtegrensar. Det må sendast inn ein situasjonsplan som viser kva for areal som er tilført asbest herunder asbestbiter og asbeststøv. Dersom undersøkingar viser at spreidning av asbest ikkje går utover dei areala som vises på situasjonsplan av 2015.11.06, må det sendast inn dokumentasjon på kva slags undersøkingar som er utført, og kor ev. prøvetaking er gjennomført.
2. Det må dokumenterast korleis massane under godkjente brakker på eigedommen har vore håndtert, og at det ikkje ligg igjen asbest på eller i grunnen under brakkene.
3. Overflatemasser innanfor område som er tilført asbestbiter og asbeststøv må sanerast av kompetent føretak.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

AF Decom

Innspurten 15, 0603
Postboks 6272
Etterstad,

OSLO

Atle Dingen
Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS

Karl Johannes Romarheim
Ole Johan Ingebrigtsen

Mottakarar:

Larsen og Solheim AS

Øvre Kråkenes 17 5152

BØNES